



Helgesen Tekniske bygg AS
Valestrandfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3424 - 16/32982

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
02.12.2016

Ferdigattest for tilbygg - gbnr 214/119 Fyllingsnes

Administrativt vedtak. Saknr: 577/16

Tiltakshavar: Vaage karosseri AS
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske bygg AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve i saka datert 26.09.2011 med seinare endringar. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.11.2016.

Skildring

Adresse:	Osterfjordvegen 1220
Bygningstiltak:	Tilbygg verkstad og kontorlokale
Bygningsnummer:	9879536 – 2 og 3
Avlaup:	Privat
Vatn:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til næringsbygg på gbnr 214/119.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3424

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vaage karosseri AS

Osterfjordvegen 5913
1220

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Helgesen Tekniske bygg AS

Valestrandfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN